



Til ungdomar mellom 13 og 21 i Hordaland

Sendt til alle ungdomsråd og vidaregåande skular i Hordaland og delegatar på Ungdommens fylkesting 2014.

Invitasjon til ungdomsdebatt i jubileumsåret for Grunnlova

Vi vil vite kva du meiner er viktig for ungdom!

På vegner av Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Ungdommens bystyre i Bergen inviterer vi ungdom mellom 13 og 21 år over heile Hordaland til å skrive kva de meiner. Dei beste innlegga kjem på trykk i BT. Alle som skriv innlegg vil bli inviterte til å delta på Ungdommens Allting i Bergen 31.mai. Vi gjer dette i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Bergens Tidende og [Grunnlovsseilasen 2014](#).

Grunnlovsseilasen 2014 er ein ekspedisjon langs norskekysten med det historiske seglskipet Anna Rogde. Seilasen startar i Hammerfest 14. mai og planlagt ankomst til Eidsvoll er 7.juni.

Kva meiner ungdom om vår makt til å påverke? Korleis kan miljøutfordringane løysast og kva kan gjerast for å sikre at Noreg blir eit meir inkluderande samfunn? Vi er på jakt etter kva ungdom i Hordaland meiner. Send inn ditt innlegg til [BTbatt](#) innan 30. april og delta direkte i debatten om Noregs framtid!

Det er i hovudsak tre tema vi vil ha innspel på kva ungdom i Hordaland meiner.

MILJØ, KLIMA OG NATURRESSURSAR

Kva er det viktigaste vi kan bidra med her i vårt lokalsamfunn:

- for å ta vare på miljøet og ressursane i havet for framtida?
- for å unngå at klimaet endrar seg på ein slik måte at framtidige generasjonar får eit problem?
- for å få og dele kunnskap om naturens tilstand og verknadene av inngrep i naturen?

DEMOKRATI

Korleis skal vi her i vårt lokalsamfunn:

- styrke alle sin rett og mulighet til å delta?
- sikre barn og unge sine rettar?
- ta vare på det lokale demokratiet?

KULTURELT MANGFALD

Korleis skal vi her i vårt lokalsamfunn:

- forene mangfold og fellesskap?
- førebygge etnisk diskriminering?
- ta ansvar for å løyse etniske konfliktar?

Alle innlegg vil bli brukte som grunnlag til å skrive eit utkast til fråsegn frå ungdom i Hordaland som Grunnlovsseilasen tar med vidare til Eidsvoll. Ein redaksjon med representantar frå Ungdommens bystyre og Ungdommens fylkesutval vil lage utkastet. Dette utkastet til fråsegn blir debattert og endeleg vedtatt på Ungdommens allting i samarbeid med Grunnlovsseilasen.

Vi i Ungdommens bystyre og Ungdommens fylkesutval håpar at du sender inn innlegg og kjem og møter opp ved Bryggen i Bergen 31 mai. Det blir eit spennande program denne dagen. Invitasjonen til allting kjem i starten av mai, men sett gjerne av datoene alt no.

Delta også gjerne i debatt og følg med på våre Facebooksider: [Hordaland Ungdommens Fylkesting](#), [Ungdommens bystyre i Bergen](#) og [Grunnlovsjubileet 2014 i Hordaland](#).

Har de spørsmål, kontakt koordinator for Grunnlovsjubileet i Hordaland fylkeskommune, Laila Melkevoll, epost laila.melkevoll@hfk.no eller mobil: 930 34 668.

Lukke til med skrivinga!

Bergen, 02.04.2014

Agnes Bernes (s)

Leiar i Ungdommens fylkesutval i Hordaland



UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Narve Nilssen (s)

Ordførar ungdommens bystyre i Bergen



Ungdomsdebatt om Grunnloven

Hvordan styrke demokratiet?

Hvordan løse miljøutfordringene?

**Hvordan skal vi forene mangfold
og fellesskap?**

BTbatt, Ungdommens fylkesutvalg og Ungdommens bystyre inviterer ungdom til å skrive hva de mener. De beste innleggene kommer på trykk i BT. Alle som skriver innlegg vil bli invitert til å delta på Ungdommens Allting i Bergen 31. mai.

Alle innlegg vil bli brukt som grunnlag til å skrive et utkast til en erklæring fra ungdom i Hordaland som Grunnlovsseilasen tar med videre til Eidsvoll.

Send inn ditt innlegg om Grunnloven før 1. mai!

Faximile frå Bergens Tidende, 02.04.2014